

(Artikkel publisert av Folkehelseinstituttet)

# Når må barnet vere heime frå barnehagen? Informasjon til foreldre og barnehagepersonell

Barn som går i barnehage er meir utsett for infeksjonar enn andre barn. Vanlegvis avgjer barnet sin allmenntilstand om det bør være heime frå barnehagen i ein periode, men for enkelte sjukdomar kan det vere nødvendig å bli heime utover dette for å hindre spreiing av smitte til andre.



Forkjøling, halsbetennelse og øyrebetennelse er nesten dobbelt så vanleg hos barnehagebarn samanlikna med barn som ikkje går i barnehage. Mage/tarm-

infeksjonar er opp til tre gongar så vanleg hos barnehagebarn. I tillegg oppstår det stadig vekk utbrot i barnehager av blant annet hårlus, brennkoppar og ulike utslettsjukdomar.

Spreiing av smitte i barnehagar skjer hovudsakleg gjennom direkte eller indirekte kontakt mellom barna.

## Når treng ikkje barna å være heime?

Ved påvising av enkelte sjukdomar er det ikkje hensiktsmessig å halde barn heime. Det kan vere fordi sjukdomen i stor grad smittar før symptom oppstår, fordi smitterisikoen er svært liten når barnet er blitt frisk, eller fordi tilstanden er så vanleg/lite alvorleg at det ikkje kvalifiserer til å halde barnet heime.

Eksempel på slike sjukdomar er den femte Barnesjukdom (erythema infectiosum), munnsår, vorter og hand-fot-munnsjuke.

## Når skal barna være heime?

Erfaring viser at strenge reglar for å halde sjuke barn ute frå barnehagen har avgrensa effekt på spreiinga av smitte. Det kan blant annet skuldast at sjukdomar er smittsame før teikna på sjukdom visast. Likevel bør sjuke barn i mange tilfelle haldast heime ein periode for å hindre spreiing av smitte til andre barn.

Ved smittsam sjukdoma vil barnet sin allmenntilstand ofte gjere det nødvendig at barnet bør vere heime. Vurdering av barnet sin allmenntilstand må alltid baserast på foreldra sitt skjønn. Som hovudregel bør barnet være friskt nok til å kunne delta i normale aktivitetar i barnehagen, og barnet bør være feberfri.

Ved mange sjukdomar kan det vere vanskeleg å angi ein nøyaktig tidsperiode for når barnet kan vende tilbake til barnehagen. Dette gjeld til dømes ved brennkoppar. I slike tilfelle må det gjerast eit skjønn av behandlande lege eller av foreldra.

Oversikten under dekker dei mest vanlege symptom og sjukdomar som kan førekome hos barn som går i barnehage eller dei lavare klassetrinn i skulen.

## Feber

Barna sin normale temperatur kan variere. Meir enn  $37,5^{\circ}$  om morgonen og  $38^{\circ}$  på kvelden er vurdert til å vere forhøga temperatur. Barn med feber bør først og fremst av omsyn til seg sjølv haldast heime til barnet er feberfritt. I nokre samanhengar kan det være ønskeleg av smittevernomsyn.

## **Diaré med eller utan brekningar**

Barn med diaré kan vende tilbake til barnehagen to døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Dette gjeld også bleiebarn. Barn som til vanleg har ein tendens til laus avføring treng ikke holdast borte frå barnehagen. Det må vere foreldra som avgjer om barnet har ein unormal diarétilstand.

Ved diarétilstandar der ein mistenker smitte gjennom matvarer (til døems etter utanlandsreise) bør barnet undersøkast av lege og det bør sjekkast om andre barn i barnehagen har symptom.

## **Augekatarr (konjunktivitt)**

Det er ikkje grunnlag for å anbefale at barnehagebarn med mild til moderat augekatarr skal haldast heime. Ved kraftig augekatarr med rikeleg danning av puss bør barnet holdast heime inntil pussdanninga har avtatt. Dette er på grunn av risikoen for å smitte andre barn. Ved kraftig augekatarr vil det vanlegvis vere behov for legekontakt, og barnet sin allmenntilstand vil også i stor grad styre behovet for å vere heime frå barnehagen.

Det må vere opp til barnet sine føresette å avgjere om eit barn som har symptom på augekatarr skal undersøkast av lege. Barnehagetilsette kan generelt ikkje forlange at barn med konjunktivittsymptom skal undersøkast eller behandlast med augedråpar før dei kan få gå tilbake til barnehagen, men kan ved tvil drøfte dette med barnet sine føresette. Dersom behandling vert sett i gong kan barnet gå i barnehage dagen etter igongsett behandling.

## **Forkjøling**

Forkjøling er den vanlegaste infeksjonen hos barn. Barnet kan gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilseier det.

## **Influensaliknande symptom**

Barnet kan gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Ved influensapandemi kan det vere aktuelt å halde barnet heime lenger.

## **Hoste og andre luftvegssymptom**

Ved hoste utan feber kan barnet gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Ved langvarig eller kraftig hoste bør barnet undersøkast for blant anna kikhoste.

## **Øyrebetennelse**

Barnet kan gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilseier det.

## **Brennkoppar**

Barn med brennkoppar kan vende tilbake til barnehagen når såra er under kontroll, Grunnlaget for skjønnet her må vere at det ikkje lenger er fare for at smitteførande sårsekret kan påførast andre barnehagebarn direkte eller indirekte gjennom kontaktpunkt.

## **Hårlus**

Dersom det vert oppdaga hårlus på barn i barnehagen, er det ikkje nødvendig å sende barnet heim. Når barnet kjem heim, skal første del av behandlinga helst gjennomførast same kveld/natt. Barnet kan gå i barnehagen som normalt. Barnehage og vennekrets bør informerast om at barnet har hårlus, slik at vennekretsen kan sjekkast for lus og barnet unngå gjensmitte.

## **Kikhoste**

Ved behandling tidlig i sjukdomsforløpet blir barnet vanlegvis smittefri fem dagar etter igongsatt behandling, og barnet bør difor holdast heime frå barnehagen i denne perioden. Ved behandling seinere i sjukdomsforløpet vil faren for smitte vere betydeleg mindre, og barn kan difor gå i barnehage dagen etter igongsett behandling.

## **E.coli-infeksjon (EHEC)**

Barn som har fått påvist E.coli-infeksjonen (EHEC), som er assosiert med nyreaffeksjon, kan gå tilbake i barnehagen når barnet er klinisk friskt og har tre negative kontrollprøver tatt med 24-timars mellomrom. Første kontrollprøve skal takast tidlegast to-tre dagar etter symptomfreiheit.

Barn som har fått påvist andre typar EHEC enn HUS-assosiert EHEC, kan gå tilbake til barnehagen 48 timer etter at barnet ikkje lenger har diaré og oppkast.

## **Kusma**

Uvaksinerte barn med sikker diagnose kan vende tilbake til barnehagen ni dagar etter at hevelsen inntrer. Dersom alle dei andre barna er vaksinert, avgjer allmenntilstanden når barnet kan gå tilbake til barnehagen.

## **Røde hunder**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen minimum 5 dager etter utbrot av utslett. Dersom barnet er vaksinert er det lite truleg at utslettsjukdomen er rubella.

## **Varicella (vannkoppar)**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen når utslettet har begynt å tørke inn.

## **Mark (barnemark) / spolmark**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen etter igongsett behandling.

## **Ringorm**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen dagen etter at behandling er sett i gong.

## **Skabb**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen dagen etter at behandling er sett i gong.

## **Meningokokksjukdom**

Barnet kan vende tilbake barnehagen når sjukdomen er over. Søsken av eit barn med meningokokksjukdom bør reknast som mulig smitta med meningokokkbakterie og bør for si eiga skuld vere heime til observasjon nokre dagar frå barnehagen etter igongsett berarbehandling.

## **Meslingar**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen tidlegast fire dagar etter at utslett har oppstått, dersom allmenntilstanden elles er god.

## **Norovirus-infeksjon**

Smitterisikoen er størst medan ein har symptom med oppkast og diaré, og barn bør holdast heime i denne perioden. Ein bør vente 48 timer etter at barnet ikkje lenger har diaré og oppkast før det kan gå tilbake til i barnehagen.